

- Vi blir som vi lever!

03.11.2011



Stilstudie av trimdronninga

- Vi blir som vi lever!

Dette var hovudbodskapen til trimdronninga Kari Jaquesson i hennes sprudlende og stimulerande føredrag i Aktivitetshuset i ettermiddag. Det var post nummer to i eit knallhard program som både starta og vart avslutta av trimøkter. I tillegg kom ei roligare økt på Systrene Nilsen.

Summen av arrangementet blir at dette var ein innertiar og at instruktørane Hege Vee Nytun og Wenche Anfnisen som hadde ideen bør berømmast for den. Det var innmeldt 120 til dei to øktene.



Ei anna stilstudie av trimdronninga

Alle var kvinner og mennene glimra med sitt fråver.

Då uskedalen.no bad hovudpersonen om ein kommentar til det, var svaret dette: - Mennene er livredde for å ta vare på helsa si. Det einaste som får dei til å møte fram til eit arrangement som dette er eit trugsmål om skilsmisse.

Hege Sund og Anette Sund var også med i arrangørgruppa som Kari Jaquesson roste for god jobb. Ho hadde også berre godord å koma med om tilhøva ellers.

- Lokalitetane er glimrande og musikkanlegget flott, sa ho og køyerde på med ein fengande miks av all mogeleg musikk med zumba til slutt.

- Er du ofte ute og køyrer slike opplegg, spurde vi Kari.

- Eg kunne gjort det kvar dag, men då måtte eg ha det gøy kvar gong og det er ikkje mogeleg.

Kari sørger nok for å ha det gøy på ymse måtar. Ho sprudlar av godt humør og slog fast at det ikkje er nokon grunn til å bli skrøpeleg sjølv om ein blir gamal. Her tok ho naturleg nok etterhald om at ting kan henda.

- Dykk bør feire dykk sjølve kvar dag, var anbefalinga hennar der ho oså sterkt presiserte at kropp og sjel høyrar saman.

Og så hadde ho ein spesiell anbefaling: - Køyр med brekket på!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



120 trimma med Kari i Aktivitetshuset